

## 8.Handlingsplan

# KULTURMILJØPLAN

## BREMANGER KOMMUNE 2020- 2024

Dette dokumentet utgjer handlingsdel av Kulturmiljøplan for Bremanger kommune. Handlingsplanen viser eksempel på kva tiltak ein meiner har stort potensiale innan kulturformidling og næringsutvikling ulike stader i kommunen.

Handlingsplanen gjeld tiltak som ein tek sikte på å utføre i første 4-årsperiode etter vedtak av planen. Handlingsplanen skal rullerast kvart år og samordnast med kommunen sin økonomiplan. Handlingsdelen legg til grunn mål og strategiar for Bremanger kommune sitt arbeid for kulturmiljøvern omtala i kap.7. Tiltaka har ikkje prioritert rekkefølge.

Dato for siste revisjon av planforslaget	25.03.2021
Dato for kommunestyret si godkjenning av planen	25.03.2021
Dato for siste revisjon/rulling av Handlingsplanen	25.03.2021

BK= Bremanger kommune, KK= Kulturkontoret, FK= Fylkeskommunen, SN= Sogenemnda, TK= Turistkontoret, SK= Servicekontoret, Teknisk etat = TE

### 1. INFORMASJON:

	TILTAK	Tidsrom Kostnad	Tidsrom Kostnad	Ansv.
1.0	Lage ein nettportal med oversikt over alle kulturminne med informasjonstekst, foto, kart Bruke kommunen og turistkontoret si nettside	2020		Under utvikling KK
1.1	Bruken Visit Nordfjord sin app «Aispot» og legge inn viktig turistinfo i samarbeid med Turistkontoret.			
1.2	Skilte alle aktuelle kulturminne i kommunen (iht. prioritert liste)			
1.3	Legge ut informasjon til eigarar av kulturminne på kommunen si nettside; søknadsfristar, tilskotsordningar,			
1.4	Registrere fleire kulturminne og legge inn med foto i <i>kulturminnesok.no</i> (for steingardar, ferdelsvegar,)			
1.5	Utvikle ei god informasjonsbrosjyre som viser dei viktigaste kulturminna i kommunen.			Utført KK
1.6	Sette opp informasjon om historie og betydning om vetane på Vete-hytta.			
1.7	Etablere «Kulturminne frå Bremanger» i lokalavisene og på kommunen si heimeside.			

### 2. FORMIDLING

Kulturmiljøplanen viser Bremanger kommune si eineståande historie med gamal og ny ferdsel og busetnad langs kysten. Dette er kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap som har eit stort potensiale som ressurs i samfunnsutviklinga. Skulevesen, næringsliv, reiselivsbransjen og kultursektoren kan hente av denne gullgruva og skape unike opplevelingar for fastbuande og tilreisande. Våre kulturminne har lokal, nasjonal og internasjonal interesse.

Følgande viser forslag innan dei ulike kulturminnefeltet, og vil vere utgangspunkt for prioritering.

	TILTAK:	Tidsrom Kostnad	Tidsrom Kostnad	Ansv.
2.1	<b>FORNMINNER:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>1. VINGENSENTERET           <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Søke verdsarvstatus for Vingen</li> <li>○ Forprosjekt (PLP):  <b>MÅL:</b> Å utvikle eit historisk formidlings- og opplevelingssenter med bakgrunn i vår unike plassering i ferdsselsåra på havet.            Formidling av ulike aspekt ved historia frå steinalder og vikingtid til i dag:           <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Kultstaden Vingen med helleristningane</li> <li>○ Busetnad i Skatestraumen</li> <li>○ Runesteinen på Lisje Hennøya</li> <li>○ Hornelen si magiske rolle</li> </ul> </li> </ul> </li> <li>2. FRØYSJØ- KATEDRALEN I BOTNANE:           <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Bronsealder med gravene.</li> <li>○ Botnane etter istida  <b>Arkitektteikningar til informasjonsbygget er klare.</b>  <b>Tomt integrert i kommunedelplan for Botnane i 2014</b></li> </ul> </li> </ul>			.
				Botnane og Årebrot grendal.
	Skilting og iniversell tilkomst er under arbeid.	Bark-midlar	Ferdig vår -21	Botnane og Årebrot grendal og Vestland fylke
	<b>3. BERSERKSENTER I BERLE:</b> Forprosjekt (PLP): <b>MÅL:</b> Skaffe antikvarisk kompetanse og kartlegge fleire funn frå jernalder og vikingtid i Berle. Utvikle eit formidling- og opplevelingssenter med utgangspunkt i: <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Berlekåre og sønene si historie og rolle i Harald Hårfagre sine kampar</li> <li>○ BerleKåre sine etterkommarer på Island (Egil Skallagrímsson)</li> <li>○ Skarsteinskipet, restar etter skipskjøl funne på Gotraneiset i Berle, frå 700-talet</li> <li>○ Gravfunna i Berle</li> </ul> Inkludere bruk av tunellane på Gotraneiset. Til visning av krigsminne.			
2.2	<b>SAKRALE KULTURMINNE/KULTURLANDSKAP:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>1. GROTLE GAMLE GRAVSTAD:            Sikre og sette tilbake gravstøtter som står i kjellaren på rådhuset. Skilte og formidle historia. Samarbeid mellom fylkeskommunen og Bremanger kommune</li> <li>2. SERVICE- OG FORMIDLINGSSENTER PÅ GROTLE:            Forprosjekt (PLP):  <b>Mål:</b> I samband med bygging av nytt servicebygg inkludere ein formidlings- og opplevingsdel som viser:</li> </ul>			

	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Grotle som geistleg eigedom og Herra Særkr si etablering av Grotle gamle kyrkjegard og Grotle mellomalderkyrkje .</li> <li>○ Hente inn gjenstandar frå kyrkja( altertavle og søyler, kyrkjemodellen, samt brudepynt(Rylandspynten) og dåpspynt.</li> <li>○ Samle og visualisere dei ulike historiene knytt til kyrkjeferd, skjenkestover, gapestokk, drukningsulykker og liknande.</li> </ul>		
	<p><b>KRIGSMINNE:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Inkludere historia til Shetlandsfarten og Bård Grotle i Shetlandsgjengen.</li> <li>○ Gje 10.klasse fast tur til Shetland, (med Haugefisk?) for å erfare/lære om lokal krigshistorie gjennom Den kulturelle skulesekken.</li> </ul> <p><b>KULTURLANDSKAP:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Vise utviklinga frå klyngehus til dagens busetting med opphavelege namn. Bruke miniatyrhusa frå «Der båra bryt»</li> </ul>		
2.3	<p><b>KYSTKULTUR:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. <b>KALVÅGAKADEMIET</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Formidle Frøya og Kalvåg si fiskeri- og foredlingshistorie.</li> <li>○ Ta i bruk Kalvøya og utvikle den som eit opplevingsområde for fiskeri- fangst-, foredlings- og frakt før og i dag.</li> <li>○ Få ei avklaring på vedlikehald og bruk av Lisetbua og Vamråkbua</li> <li>○ Handverkstradisjonar. Bygge på dagens formidling</li> </ul> </li> <li>2. <b>Å VERE PREST I FISKEVÆRET</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Ta i bruk prestegarden i Kalvåg for formidling og oppleveling av levesett og dagleliv med utgangspunkt i Koren si dagbok.</li> <li>○ Nicolai Astrup sin fødestad, og formidle hans liv og kunst. (Finne 2 originaltrykk gitt til prestegarden av familien)</li> </ul> </li> <li>3. <b>FISKHOLMEN:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Etablere enkel overnatting på Fiskholmen, Smørhamn fyrstasjon. (med zipline?)</li> <li>○ Formidle historia frå 1871.</li> </ul> </li> </ol>		

2.4	<b>PRIMÆRNÆRINGA:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Bruke Myklebustsetra og andre setre aktivt med tanke på naturturisme</li> <li>○ Registrere aktuelle steingardar og lage naturstiar</li> <li>○ Samle og formidle gamle matoppskrifter og – tradisjonar</li> <li>○ Bruke og formidle gamle stadnamn</li> <li>○ Halde i hevd gamle handverksteknikkar knytt til gards- og hushaldstradisjonar.</li> <li>○ Samle inn og formidle kunnskap om jordbruksreiskap og tradisjonar</li> <li>○ Hjortejakta som matauk og næring</li> </ul>		
2.5	<b>INDUSTRIMINNER:</b> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. «SΜΕΛΤ», ei industrihistorie</li> <li>○ Etablere eit visnings- og opplevingssenter for industriutviklinga i Svelgen på Bremanger fjordhotell.</li> <li>○ Vise tettstadsutviklinga på «Villabakken» og i sentrum i ei historieløype.</li> <li>○ Skilting</li> <li>○ Sette opp eit musikkteater med barn</li> </ol> ○ Vise kraftutbygginga i Ålfoten		-Elkem Bremanger -SFE -Verkets Venner -Bremanger fjordhotell -Biblioteket -Kulturskulen -Bremanger kommune
2.6	<b>IMMATERIELLE KULTURMINNER:</b> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Ord og uttrykk frå Bremanger</li> <li>2. Støtte lokale formidlings- og opplevingstiltak basert på den immaterielle kulturarven som for eksempel:           <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Musikkteateret «Bella og Solla og Per»,</li> <li>○ Diktartien i Botnane</li> <li>○ Historisk vandring til Hornelen</li> <li>○ Furulunden og historia om diktarpresten Claus Frimann</li> <li>○ Kystkultur i Kulturhuset Heimen:               <ul style="list-style-type: none"> <li>○ «Minne om Maria, ein hyllest til kystkvinnna»</li> <li>○ Rylandspynnen (utstilt brudekrune frå Bremanger)</li> <li>○ «Heimen» (dokumentarfilm om fråhaldsrøyrsla i Bremanger)</li> </ul> </li> </ul> </li> </ol>		

### 3. BREMANGER KOMMUNE SI FORVALTNING SOM PLANMYNDIGHEIT

	TILTAK	Tidsrom Kostnad	Tidsrom Kostnad	Ansvar
3.1	Registrere og sikre kulturmiljø i arealplanen med omsynssoner			
3.2	Etablere rutinar for sakshandsaming som sikrar at det vert teke omsyn til kulturmiljø i plan- og byggesaker			

3.3	Gjere tiltak for at husa i Svelgen, som er bevaringsverdige, blir ivaretatt iht. plan (Reguleringsplan 19.06.01) Villabakken, Øyratunet			
3.4	Utarbeide omsynssone rundt sjøbuene på Iglandsvik			
	Utarbeide omsynssone rundt funksjonær bustadane i Ålfoten			
3.5	Forvaltning av SMIL-tilskot			

#### 4. BREMANGER KOMMUNE SI FORVALTNING SOM EIGAR

	TILTAK	Tidsrom Kostnad	Tidsrom Kostnad	Ansvar
4.1	Søke verdsarvstatus for Vingenfeltet som vertskommune.			
4.2	Ferdigstille Allmensoga for Bremanger			
4.3	Tilsette kvalifisert handverker/rådgjevar for bygningsvern			
4.4	Innhente vurdering frå Fylkesantikvar om å hente ut og sikre runesteinen på Lisje Hennøya			
4.5	Søke fylkesantikvaren om kartlegging av fornminne i Berle			
4.6	Utarbeide felles Grafisk Profil for skilting av kulturmiljø i Bremanger kommune			
4.7	Utdanne og tilsette faste guidar i fleire bygder			
4.8	Sikre gravstader som historiske minnesmerker (Botnane, Frøya, Rugsundøy, Ålfoten m.fl.) Tilbakeføre gravstøtter til Ålfoten			
4.9	Ferdigstille skilting, tilkomst og tilbakeføring av gravstøtter på Grotle gamle gravstad.			
4.10	Ferdigstille skilting, tilkomst og tilbakeføring av gravstøtter på Rugsundøy gravplass.			

#### 5. HJELP TIL SJØLVHJELP. SAMARBEID

	TILTAK	Tidsrom Kostnad	Tidsrom Kostnad	Ansvar
4.1	Markere dei årlege kulturminnedagane (I 2020 er tema: LÆRE, BRUKE, BÆRE)			
4.2	Gje rådgjeving og hjelpe til eigarar av kulturminne til å søke støtte til restaurering frå Kulturminnefondet og andre			
4.3	Etablere kommunal tilskotsordning for verdifulle kulturminne			
4.4	Støtte lokallag i arbeid med å utvikle presentasjonar på ulike måtar for lokale kulturminne:			
	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Diktarstien i Botnane</li> <li>- Kyrkja i Ålfoten</li> <li>- Claus Frimann si historie på Davik</li> </ul>			

## PRIORITERTE TILTAK I ØKONOMIPLANPERIODEN 2020-2024

Tiltak som er planlagt gjennomført i perioden 2021-2024. Tiltaksplanen vert rullert årleg.  
 (Beløp oppgjeve i 1000 kr)

<b>Punkt</b>	<b>Investering</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>
1.2	Skilte alle aktuelle kulturminne, miljø og landskap i kommunen				
4.5	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Felles grafisk profil, skiltplan</li> <li>- Skiltplan, gjennomføring</li> </ul>	300	200	200	200
1.1	<p>Lage ein nettportal med oversikt over alle kulturminne med informasjonstekst, foto, kart.</p> <p>Bruke kommunen og turistkontoret si nettside</p>	*1			
2.2 4.8	<p>Grotle gamle gravstad:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Sikre og sette tilbake gravstøtter som står i kjellaren på rådhuset. Skilte og formidle historia. Samarbeid mellom fylkeskommunen og Bremanger kommune</li> </ul> <p>Hovudprosjekt m/BARKMIDLAR</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Parkering og ny tilkomst (regulering pågår)</li> </ul>	1000 *2			
2.5	<p>Industriminne:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>«SΜΕΛΤ», ei industrihistorie:</li> <li>o Etablere eit visnings- og opplevingssenter for industriutviklinga i Svelgen i kjellerlokaler til Bremanger fjordhotell.</li> <li>o Vise tettstadsutviklinga på «Villabakken» og i sentrum med «Action Track»</li> <li>o Skilting</li> <li>o Etablere eit barnemusikkteater med historisk tema (oppvekst i Svelgen på 1930-40 talet)</li> </ul>	800 *3			
4.2	Allmensoga for Bremanger Tidlegare forfattar Årstein Svhuis og noverande Gaute Losnegård Band 1: Frå 1850 til 1945 Band 2: Frå 1945 til idag	162	324	243	
2.1	Vingenserteret <ul style="list-style-type: none"> <li>Formidling- og oppleveling, forprosjekt</li> </ul>	*4			

\*1 Ventar på svar frå Nordfjordnett angåande styring og økonomi

\* 2 Gjennomførast innanfor drift og BARK-midlar (Bevaringsprogram for automatisk freda kulturminne)

Eksterne midlar 460 380,- . Interne midlar 617 000,-

\*3 Eit samarbeid mellom kultureininga, Svelgen oppvekst og Revygruppa «Nord og Ned». Revylaget søker støtte gjennom ulike kulturmidlar og tilskotsportalen. Intern prosjektstyring budsjettet med ca. 300 000,-

\*4 Organisert gjennom SMB-prosjektet .